

Fra: Nils Kvalvågnes <nils.kvalvagnes@gmail.com>
Sendt: torsdag 16. desember 2021 13:40
Til: Per Sveinar Morsund
Emne: Vedr. sak 20/15960 - 21/84562

Hallo

Syner til tilbakemelding frå dykk i dag om status i saka.

Vår tilbakemeldng er at me godtek pålegga og vil sletta vår reparasjon av 20m gardsveg - og 3 opparbeidde parkeringsplassar for hyttene i hyttefeltet i Mikkelvågen.

Sidan de ikkje har vurdert vår forklaring med dokumentasjon på kommunale godkjenningar av hyttefeltet og løyve til reparasjon av gardsvegen, gitt i vårt tilsvar av 14.10.21, reknar me med at de ikkje vurderer desse opplysningane som relevant for dykkar vurdering av saka.

Me bed likevel om tilbakemelding frå dykk for kvifor denne grunngjevinga manglar.

Sidan stadfestinga av pålegget kom så tett oppunder fristen for opprettinga, så bed me om utsetjing for gjenopprettinga til 20 januar 2022 og bed om at dette vert stadfesta snarast. Me har avtale med entreprenør om å få utført gjenopprettinga ca medio januar, litt avhengig av snø og frost i bakken.

Med helsing

Nils Kvalvågnes



Virusfri. www.avast.com